

Arter og naturtyper

i Stad kommune

Naturhefte

om arter og
naturtyper som er
særegne for Stad
kommune



Arter og naturtypar i Stad kommune

Dette naturheftet er ein del av Stad kommune sin *kommunedelplan for naturmangfald 2026-2038*. Naturheftet viser artar og naturtypar som er særigne for Stad kommune, og som kommunen meiner har ein stor verdi lokalt. Vi ønskjer derfor å ha eit ekstra fokus på disse artane og naturtypene for å sikre at dei blir forvalta på ein god måte. Dei fleste av disse artane og naturtypene har i tillegg ein regional og/eller nasjonal verdi.


Gjennom naturmangfaldplanen er det lagt opp til at innbyggjarar, politikarar og kommunens sakshandsamarar skal ha tilstrekkeleg kunnskap om og eigarskap til naturen i kommunen. Naturheftet skal bidra til dette, og formidlar og visualiserar mangfaldet i kommunen gjennom konkrete døme, både til lands og til havs. Naturheftet skal synleggjerast og nyttast aktivt i formidling av naturverdiar i kommunen.

Naturheftet viser at vi har eit svært stort mangfald av natur i kommunen vår, og det er noko vi kan vere stolte av. Dette fører også med seg eit ansvar for å ta vare på dei naturverdiane vi har. Informasjon om dei ulike artane og naturtypene må ikkje utnyttast til å hauste av eller påverke verdifull natur negativt: sjeldne blomar må få stå i fred. Det er heller ikkje lov å plukke elvemusling frå elvane.

Fleire av artane og naturtypene i dette heftet er raudlista. Ein av artane er også på framandartslista. Vurderingar etter raudlista og framandartslista går fram av naturkorta.

Truga artar og naturtypar har risiko for å døy ut. I Noreg utgjer disse ein del av «Norsk rødlister for artar» og «Norsk rødlister for naturtyper». I raudlista er artar og naturtypar fordelt i ulike kategoriar basert på kor høg risiko dei har for å døy ut i Noreg. Den mest alvorlege truga kategorien er CR – kritisk truga. Denne kategorien tyder at arten eller naturtypen har ekstrem høg risiko for å døy ut frå Noreg. Dersom ein art eller naturtype er kategorisert som NT - nært truga, er arten ikkje truga, men nærmar seg kriteria for å bli truga. LC- Livskraftig, tyder at arten har låg risiko for utdøying og oppfyller ikkje kriteria for raudlista.





Dei ni kategoriane som nyttast i raudlista etter den internasjonale naturvernunionen (IUCN) sin metodikk. Raudlistevurderingane på naturkorta er henta frå «Norsk rødlste for artar 2021» og "Norsk rødlste for naturtyper 2025".

Framande artar er artar som per definisjon ikkje førekomer naturleg i Noreg. Dette gjeld til dømes hageplantar som importerast inn i landet. Framande artar konkurrerer med stadeigne artar og kan føre med seg sjukdommar og parasittar som stadeigne artar ikkje er tilpassa. I verste fall kan dette føre til at stadeigne artar forsvinn. Framande artar er fordelt i ulike kategoriar basert på invasjonspotensiale (kor lett arten spreiar seg) og økologisk effekt (kor stor skade den gjer). Ein framandart som skårar høgt på både invasjon og effekt utgjer ein høg økologisk risiko i naturen, og ender dermed i en høg risikokategori. Den mest alvorlege kategorien er svært høg risiko.



Risikokategoriar i Framandartslista. Risikovurderinga av framande artar blir utfør etter metoden *Generic Ecological Impact Assessment of Alien Species*. Vurderingar av framandartar er henta frå «Fremmedartslista 2023».





ART

• hjort



Utbreiing: Hjort er primært knytt til skog, men den er svært tilpassingsdyktig, og finnast også i andre naturtypar, til dømes i kulturlandskapet. Hjorten er ein viktig art for det biologiske mangfaldet i skog, men store hjortebestandar kan føre til betydelege skadar på skogen.

Tilstand: I løpet av dei siste 50 åra har utbreiinga av hjort auka kraftig i Noreg, og særskilt på Vestlandet. Arten er ikkje truga.

Visste du at: Forvaltning av hjortevilt og hjorten sitt leveområde er ein svært viktig del av naturforvaltninga i kommunen. Gjennom forvaltningsplanen for hjort leggest det mellom anna til rette for jakt på hjort og kommunen sett seg mål for utviklinga av hjortebestanden.



ART

• eik

LC

Livskraftig

Utbreiing: Eik er eit varmekjært treslag som inngår i edellauvskog. Vi har to viltveksande artar eik i Noreg, vintereik og sommereik, der sommereik er vanlegast i Stad. Den trivast best i sørvendte område langs fjorden og langs Hornindalsvatnet. Særskilt kring Lote og Åsane har vi mange førekomstar av hole eiker.

Tilstand: Arten er ikkje truga, men mange av artane som lever på gamle eiker er truga.

Visste du at: Eiketree kan bli svært gamle, og dei fleste hole eiker er meir enn 200 år gamle. Hole eiker er svært viktig habitat for mange raudlista artar, som insekt (særskilt biller), sopp og lav. Hole eiker er derfor ein utvald naturtype, noko som gir trea og områda rundt ein rettsleg beskyttelse mot felling og inngrep. Det er viktig å merke seg at eika ikkje treng å vere synleg hol for å bli definert som ei hol eik.

ART



• kvit skogfrue

NT

Nær truet

Utbreiing: Dette er ein av juvelane i edellauvskog og blandingskog i kyststrøk. Vi finn den i Åsane naturreservat, langs sørsida av Eidsfjorden, på Lote og enkelte andre stader langs fjorden. Den trivast der det er varmt og kalkrik grunn.

Tilstand: Arten er «nær truga» på raudlista. Tilbakegangen av arten skuldast først og fremst skogbruk og treslagsskifte.

VIKTIG! Orkidéen er ein sjeldan plante, og er freda mot innsamling, skade og øydelegging



ART

• laks

NT

Nær truet

Utbreiing: Laks er ein anadrom fisk som lev i sjø, men vandrar til ferskvatn for å gyte. Anadrome fiskeartar er avhengige av både havet for vekst og elver for reproduksjon, og det er strenge regler for fiske etter dem for å beskytte bestandane. Vi har totalt åtte lakseelvar i kommunen.

Tilstand: Villaksen har gått drastisk tilbake siden 1980-talet, og arten er vurdert til «nær truga» på raudlista. Den aller største trusselen mot villaksen er fiskeoppdrett, og nedgangen skuldast rømt oppdrettslaks, lakselus og infeksjonar.

Visste du at: Hornindalsvassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag og Eidsfjorden ein nasjonal laksefjord. Disse nasjonale ordningane skal gi eit utval av dei viktigaste laksebestandane i landet særleg beskyttelse. Fire av dei åtte lakseelvene i kommunen har sitt utløp i Eidsfjorden.



ART

• elvemusling



Sårbar

Utbreiing: Elvemusling lever i elvar og bekkar. Vi har tre kjende førekomstar i kommunen: Hornindalsvassdraget, Maurstadvassdraget og Dalsbøvassdraget.

Tilstand: Arten er «sårbar» på raudlista, og sterkt truga på den globale raudlista. Det er få vassdrag igjen med elvemusling på Vestlandet, og muslingane klarar i liten grad å reprodusere seg. Dei fleste individa er derfor gamle. Tilbakegangen skuldast fleire faktorar, som vassdragsregulering, bekkelukking og ureining av vatn. Ein antar at nesten halvparten av muslingane i Europa finnast i Noreg. Elvemusling er derfor ein norsk ansvarsart, noko som gir oss eit særleg ansvar for å bevare arten.

Visste du at: Elvemuslingen er avhengig av laksefisk for å kunne gjennomføre livssyklusen sin, fordi den på larvestadiet lev på gjellene til laks eller aure. Eit individ blir normalt 150-200 år, og kan reinse opp til 50 liter vatn i døgnet.

VIKTIG! Berre om lag 1 av 1000 elvemuslinger har perle i seg, og det er ikkje lov å plukke elvemusling.



ART

• fiskemåke



Sårbar

Utbreiing: Fiskemåka er ein liten måkefugl som hekker spreidd eller i koloniar på bakken, i tre eller på bygningar. Den er ein vanleg fugl i heile kommunen, og kan finne på å legge reiret sitt midt i sentrumsområda.

Tilstand: Arten er vurdert som «sårbar» på raudlista. Predasjon av mink, ureining, samt menneskeleg forstyrring (øydelegging av reirplass og egg) er med på å avgrense bestanden.

Visste du at: Fiskemåken kan bli over 20 år, og vender trufast tilbake til same hekkeplass år etter år. Fiskemåka er den vanlegste «bymåka» i Sør- og Midt-Noreg.

VIKTIG! Det er forbode å fjerne reir og egg, eller forstyrre hekkande fiskemåke på andre måtar i hekkeperioden.



ART

• marianøkleblom



Sårbar

Utbreiing: Marianøkleblom er ein kalkkrevjande fleirårig urt knytt til slåtteeng og beitemark. Den trivast mellom anna i skjelsandavsetningar nær kysten. I kommunen vår finn vi dei største bestandane i Hoddevik og Ervik. Hoddevik har truleg Noregs største samanhengande bestand av marianøkleblom.

Tilstand: Arten er «sårbar» på raudlista. Opphøyr av slått og beite, gjødsling og gjengroing avgrensar arten.

Visste du at: Marianøkleblom treng gode lysforhold for å trivast, og toler slått. Den har blader som dannar eit tett lag heilt nede ved bakken og som dermed unngår å bli slått eller klippa av. Blomen synes i liten grad å bli beita.



ART

• svartstrupe

EN

Sterkt
truet

Utbreiing: Svartstrupen er knytt til opne kystheiar med røsslyng, einer og krattvegetasjon. Han overvintrar i Noreg når vintrane ikkje er for kalde, og kan derfor observerast heile året. Den er vanleg i Europa, men sjeldan i Noreg.

Tilstand: Arten er «sterkt truga» på raudlista. Gjengroing av lyngheier og utbygging av hekkeområda avgrensar bestanden.

Visste du at: Kystlyngheiane på Stadlandet er eit av dei viktigaste hekkeområda i landet for svartstrupen. Her gøymer svartstrupen reiret sitt på bakken.



ART

• purpurmarihand

EN

Sterkt
truet

Utbreiing: Purpurmarihand er ein sjeldan orkidé som i Noreg er knytt til nokre få lokalitetar i ytre kystområde på Vestlandet. Den veks på våtmark på sandgrunn, og i kommunen finn vi ein større lokalitet ved Ervikvatnet på Stadlandet.

Tilstand: Arten er «sterkt truga» på raudlista. Gjengroing av kulturlandskapet og drenering/grøfting i jordbruket i kystnære område avgrensar arten.

Visste du at: Purpurmarihand avgrensar seg til dei britiske øyer, Danmark (Nord-Jylland) og Vest-Noreg.

VIKTIG! Orkidéen er ein sjeldan plante, og er freda mot innsamling, skade og øydelegging.



ART

• solblom

EN

Sterkt
truet

Utbreiing: Solblom er ein fleirårig urt og ein gammal kulturplante knytt til kulturlandskapet og særskilt naturtypen slåttemark.

Tilstand: Arten er «sterkt truga» på raudlista. Tilbakegangen er størst langs kysten. Gjengroing grunna opphøyr av slått og beite avgrensar arten.

Visste du at: Ein rapport frå 2021 viser at to av få intakte solblomlokaliteter på Vestlandet er i vår kommune: Indre Totland og Kjølisdalen. Statsforvaltaren i Vestland følgjer opp begge lokalitetane med tilskot og har utarbeida skjøtselsplan for lokalitetane.



ART

• krykkje

EN

Sterkt
truet

Utbreiing: Krykkje er ein liten måkefugl som hekkar i koloniar i bratte fjellsider, men også i urbane område langs kysten. I 2024 var det berre er to hekkeplassar igjen i Vestland fylke, der ein av dei er på Leikanger.

Tilstand: Arten er «sterkt truga» på raudlista, og har gått dramatisk tilbake sidan 1980. Redusert næringstilgang, klimaendringar og predasjon, samt øydelegging av reirplassar og egg er med å avgrense populasjonane. Populasjonen på Leikanger er særleg avgrensa av tilgang på reirplassar.

Visste du at: Krykkja kan bli over 20 år, og vender trufast tilbake til same hekkeplass år etter år. I 2024 hekka krykkja ved Leikanger berre ein enkelt stad; på ei sjøbu på Blikneset, med 15-17 hekkande par.

VIKTIG! Det er forbode å fjerne reir og egg, eller forstyrre hekkande krykkje på andre måtar i hekkeperioden.

ART

• sitkagran



SE

Svært høy
risiko

Utbreiing: Sitkagran er ein framandart som kjem frå Nord-Amerika. Sitkagran er importert som produksjonsart til kystskogbruket, men er også brukt til leplantningar og noko som park- og hagetre. Sitkagran er ein vanleg art i heile kommunen.

Tilstand: Arten er vurdert som «svært høg risiko» på framandartslista, fordi den påverkar stadeigne artar negativt og medfører endring i naturtypar. Tradisjonelt sett er sitkagran mykje planta i kyststrøk og forvillar seg lett, særleg i opne kystlyngheier og kystmyr. Deler av kystlyngheiene og dei terrengdekkande myrene i kommunen er invadert av sitkagran.

Visste du at: Sitkagran er ein prioritert art av Statsforvaltaren i Vestland for å kontrollere og fjerne lokalt.

NATURTYPAR



• ålegraseng

Ålegras er ein marin blomeplante som veks under vatn i tette enger på blautbotn i grunne, kystnære strøk. I motsetning til algar, har ålegras røter som festar seg til botnen. Ålegrasengene veks normalt i grunne område, ned til 8 meters djupne.



Utbreiing: Ålegrassamfunn er registrert fleire stader i kommunen, mellom anna innerst i Eidsfjorden og i ytre i Tungevågen. I følge Statsforvaltaren i Vestland er ålegrasforekomsten i Prestevika den nest største som er registrert i Nordfjord, og ein svært viktig forekomst i Nordfjord sidan den ligg i eit viktig gytefelt for torsk. I alt er det kartlagd 21 ålegrassamfunn i kommunen.

Tilstand: Ålegraseng høyrer til under naturtypen «saltvanns-undervasseng», som er kategorisert som «livskraftig» på raudlista, altså utan risiko for å gå tapt. Likevel veit vi at ålegras har gått tilbake i mange område lokalt, og blir negativt påverka av ureining, reduserte lysforhold og fysiske øydeleggingar som utfylling i sjø.

Økosystemtenester: Ålegrasengene fungerer som skjulestad, oppvekstområde og «spiskammer» for mellom anna fiskeyngel og krepsdyr. Ålegraset dempar bølger mot land og held sand og mudder på plass med røtene sine. Ålegrasenger er også effektive karbonlagre.

NATURTYPAR



• blautbotnsområde i strandsona



Dette er marine område med finkornet sediment (mudder og fin, leirehaldig eller grovare sand) som ofte blir tørrlagt ved fjære sjø. Områda er svært artsrike, og fungerer som viktige leve- og beiteområde for artar som børstemark, muslingar, krepsdyr og sniglar. Dei er også viktige beiteområde for fugl og fisk, og rasteplassar for trekkande vadefugl.


Utbreiing: I ytre delar av kommunen har vi mange viktige blautbotnsområde i strandsona. Særskilt i Tungevågen og Borgundvågen er det viktige blautbotnsområde for fugl. Totlandsvågen ved Bryggja er også eit viktig område. I alt er det kartlagd 25 blautbotnsområde i kommunen.

Tilstand: Det er mange ulike marine naturtypar knytt til blautbotnsområde, og derfor vanskeleg å seie noko overordna om raudlistestatus. Likevel veit vi at arealbruksendringar i strandsona er ein stor trussel for disse områda, slik som oppmudring, hindring av vassgjennomstrøyming ved bygging av moloar og fyllingar i gruntvassområda. I indre deler av Eidsfjorden er mykje av dei opprinnerlege blautbotnsområda fylt ut til andre føremål.

Økosystemtenester: Blautbotnsområda er viktige «matfat» langs kysten. Dei er også viktige karbonlagre, dempar bølger og grunnlag for biologiske mangfald.

NATURTYPAR

• tareskog



Tareskog er tette bestandar av tare som veks på botn langs kysten ned til maks 15-20 meter djupne. Slike område er svært produktive økosystem som danner livsgrunnlaget for ei mengde marine organismar. I Noreg er det hovudsakeleg stortare, fingertare og sukkertare som danner tareskogar.

Utbreiing: Utanfor Stadlandet, inkludert Blikneset (Leikanger), har vi mange førekomstar av tareskog, hovudsakeleg stortare. Disse er vurdert som svært viktige (A-verdi) grunna store samanhengande areal. Det er også enkelte førekomstar ved mellom anna Maurstad, Bryggja, Flatraket og Barmen. I alt er det registrert 34 førekomstar av tareskog i kommunen (per 2025), der 10 av dei er av sukkertare, resten stortare.

Tilstand: Nokre utformingar av tareskog er truga, men ikkje alle. Stortareskog kring Stadlandet er kategorisert som «nær truga» på raudlista. Kjende trugslar mot tareskogane er klimarelatert påverknad knytt til temperatur og vasskvalitet. Lokalt er også taretråling ein negativ påverknad på tareskogane. Lengre nord i landet er kråkebollebeiting hovudproblemet.


Økosystemtenester: Tareskogar er svært dynamiske og artsrike økosystem, og fungerer som leve- og næringsområde for mange artar, og som «reinseanlegg». Til dømes nyttar krykkja tareskogane som næringsområde. Tareskogane beskyttar kysten mot bølger, opprettheld viktige biogeokjemiske kretsløp og lagrar store mengder karbon.

NATURTYPAR



• edellauskog

Edellauskog er skog dominert av varmekjære og ofte næringskrevjande artar, som lauvtree alm, lind, lønn, ask, hassel, eik, bøk og svartor. Vi finn slike skogar oftast på sør- og vestvendte lokalitetar der det er god innstråling av lys og varme. Særskilt dei rike edellauskogane er viktige for biologisk mangfald. Mange raudlisteartar er knytt til skog, særleg gamle eiker, holer tre og døde ved gir leveområde for insekt, lav, sopp og fuglar.



Utbreiing: Vi har fleire førekomstar av rik edellauskog i kommunen, særleg i sørvendte område langs fjorden og langs Hornindalsvatnet. Edellauskogane i Lindvika og Åsane naturreservat er verna. Ved Lotsstranda vest for Lote er det ein større lokalitet av rik edellauskog som er blant dei mest verdifulle edellauskogane i Nordfjord.

Tilstand: Det er fleire ulike naturtypar knytt til edellauskog, og dei fleste er «truga» eller «nært truga». Kjende trugslar mot edellauskogane er hjortebeite, framande artar og plantesjukdommar, utbygging, hogst og treslagsskifte.

Økosystemtenester: Edellauskogane leverer eit bredt spekter av økosystemtenester, særleg tenester knytt til naturmangfald, karbonlagring, erosjonskontroll, tømmer, ved og rekreasjon.



NATURTYPAR

• Oseanisk nedbørsmyr



Oseanisk nedbørsmyr er opne myrer som berre tilførast vatn frå nedbør. Myrene er prega av næringsfattig vegetasjon, dominert av torvmosar, lyng, dvergbjørk og torvull. Myrtypen er tilpassa kystklimaet, med mykje nedbør og milde vintre. Oseanisk nedbørsmyr er levestad for spesialiserte arter, inkludert sjeldne mose- og lavartar tilpassa eit fuktig klima.

Utbreiing: I kommunen finn vi oseaniske nedbørsmyrer berre på Stadlandet. Naturtypen opptre ofte i mosaikk med kystlynghei. Fleire av dei oseaniske nedbørsmyrene på Stadlandet er terrengdekkande myrer, som dekkjer landskapet som eit teppe, og torva er ofte tynn og sterkt omdanna.

Tilstand: Dei oseaniske nedbørsmyrene har gått sterkt tilbake, og grunna sterkt press på areala kan ein forvente vidare tilbakegang. Denne myrtypen er vurdert til «sårbar» på raudlista. Trugslar mot terrengdekkande myrer er grøfting (særskilt ved oppdyrking), torvuttak (for produksjon av strøtorv), nedbygging for infrastruktur, industri og kraftutbygging, og spreining av framande treslag som sitkagran og enkelte furuarter.

Økosystemtenester: Disse myrene har ein enorm evne til å ta opp og halde på vatn, som er ein viktig flaumsikring. Myrene kan også lagre store mengde med karbon, og jo djupare myrene er, jo meir karbon lagrar dei. Sjølv om mykje av dei oseaniske myrene på Stadlandet er relativt grunne, utgjør dei likevel store karbonlagre grunna stor utbreiing.

NATURTYPAR



• slåttemark

Slåttemark er ein del av kulturlandskapet og ber preg av langvarig skjøtsel ved slått, ofte i kombinasjon med beite. Slåttemarkene er utan spor etter gjødsling, pløying eller tilsåing, og har ofte eit høgt artsmangfald, særleg av karplanter, sopp og insekt. Slåttemark er ein utvald naturtype.



Utbreiing: Dei fleste kjende slåttemarkene er i indre deler av kommunen, og dei er i stor grad knytt til tidlegare seterdrift. Døme på lokalitetar: Åsane, Hjelmelandsdalen, Hundvika og Maurstad. I alt er det kartlagd 20 lokalitetar i kommunen (per 2025).

Tilstand: Det er fleire ulike naturtypar som inneheld slåttemark, og alle er ulike variantar av semi-naturleg eng. Alle disse naturtypene er enten «sterkt truga» eller «kritisk truga». Opphøyr av bruk og skjøtsel som fører til attgroing er den viktigaste negative påverknaden på semi-naturlig eng. Andre trugslar er intensivering av jordbruket, som gjødsling og oppdyrking, i tillegg til skogplanting, utbygging, framande artar, ureining, klimaendringar og feil type skjøtsel.

Økosystemtenester: Slåttemarkene er svært viktige for naturmangfaldet, og viktige som husdyrbeite, for pollinering, karbonlagring, erosjonskontroll og flaumdemping. I tillegg er det opne kulturlandskapet viktig for rekreasjon, naturopplevingar og kulturarv (historiske spor).

NATURTYPAR



• sanddynemark



Sanddynemark er ein del av kulturlandskapet, og består av opne område med ustabil og sanddominert substrat langs eksponerte kyststrekningar. Sanddynemark er betinga av stadig tilførsel av ny sand med sterke vinder. Slike område er leveområde for fleire sjeldne og truga artar, særskilt av karplanter, insekt og sopp.

Utbreiing: I kommunen har vi to sanddynemarkar: Hoddevik (A-verdi) og Ervik (B-verdi). I Hoddevik finn vi eit av dei største aktive flygesandfelta på Vestlandet. Dette området er ein del av det «utvalde kulturlandskapet» i kommunen, og er svært artsrikt. Lokaliteten utgjør ein svært viktig og heilt uerstatteleg del av kulturlandskapet rundt Hoddevika, og er viktig også i regional og nasjonal samanheng. I Ervik er deler av flygesandområdet framleis aktivt, medan den stabiliserte sanddynemarka i stor grad er dyrka opp. Lokaliteten framstår derfor som degenerert, men er ikkje øydelagt.


Tilstand: Sanddynemark er vurdert som «sterkt truga» på raudlista. Både gjengroing og overbeiting trugar naturtypen. Andre trugslar er auka ferdsel/turisme, oppdyrking, gjødsling og innvadering av framande artar som rynkerose.

Økosystemtenester: Sanddyner fungerer som naturlege barrierar mot stormflo og bølger. Vegetasjon i meir etablerte deler av sanddynene bind sand og reduserer erosjon. Sanddynemark huser spesialiserte planter og insekt som er avhengige av opne, sanddominerte miljø.

NATURTYPAR



• kystlynghei



Kystlynghei er ein open, heiprega oseanisk naturtype i kulturlandskapet. Kystlyngheiane er eit resultat av avskoging, brenning, heilårsbeite og lyngslått gjennom generasjonar. Nøkkelarten røsslyng er ein viktig plante i kystlyngheiene: den er vintergrøn og dermed ein viktig beiteplante gjennom heile året. Fleire av kystlyngheiområda på Stadlandet er svært artsrike og har svært høg verdi, til og med i internasjonal samanheng.

Utbreiing: Kystlynghei finnes i ein mosaikk med torvmyrer på Stadlandet, og dekker store deler av Stadhalvøya.

Tilstand: Kystlynghei er vurdert som «kritisk truga» på raudlista, som vil seie at naturtypen har ekstrem høg risiko for å døy ut frå Noreg. I Europa er omtrent 80 % av areala med kystlynghei forsvunne, og i Noreg var 10 % av det opphavlege arealet igjen i 1990. På Stadlandet er kystlyngheiane truga av arealendringar. Hovudårsakene er gjengroing av kulturlandskapet grunna for lite beite, skogplanting med invasjon av sitkagran og direkte nedbygging av naturområde. Særskilt nedgang i utmarksbeite har ført til at mykje av dei mest verdifulle lyngheiområda på Stad i dag har grodd igjen, men framleis er det ein del fine område att.

Økosystemtenester: Kystlyngheiane er viktige for naturmangfaldet, som husdyrbeite, for pollinering, karbonlagring, erosjonskontroll og flaumdemping. I tillegg er det opne kulturlandskapet viktig for rekreasjon, naturopplevingar og kulturarv (historiske spor).



STAD
A
●



Stad kommune

post@stad.kommune.no
www.stad.kommune.no